



Byggmester Steinar Thunold AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/323 - 14/3649

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

19.02.2014

Mangelbrev - gbnr 102/139 Vabø - bustad

Vi viser til Dykkar søknad motteke her 30.01.2014. Vi viser også til vårt vedtak av 03.04.2013 der tidlegare søknad vart sendt i retur.

Det er søkt om oppføring av ny bustad over to etasjar med ei bueining og garasje. Det går ikkje fram av søknadsskjemaet at det er søkt om etablering av anlegg eller veg. Ein føreset at søkjar har meint å søke om å etablere felles slamavskiljar, murar samt ny veg fram til eksisterande privat veg. Dette burde søkjar gjort greie for i eiga skriv.

Før søknaden kan handsamast, må følgjande tilhøve avklarast:

1. Bustaden er skildra plassert på eit høgare planeringsnivå enn terrenget tilseier. Kommunen har tidlegare uttalt at bustaden si plassering er i strid med føresegnene til kommuneplanen punkt 5.16. I staden for å plassere bygget på eit lågare nivå er det planlagt sett opp høge murar. Ny plassering bør vurderast. Vi ber om ei estetisk utgreiing og dykkar vurdering knytt opp mot føresegnene til planen der krava til visuelle kvalitetar og tilpassing til omgjevnaden vert vurdert.
2. Det vert vist til innsendte terrengprofilar. Skildra mur er ikkje påført situasjonsplanen.
3. Det er ikkje sendt inn plan, eller snitt på skildra garasje.
4. Vi ber om tilbakemelding om tilhøva til eksisterande kraftline/anna line med stolpar som er registrert i nærleiken av avkøyrsla til eksisterande privat veg. Skal denne flyttast, eller krev plassering av tilkomstvegen samtykkje frå BKK?
5. Det må avklarast om gnr. 102 bnr. 139 har rett til å bruke eksisterande privat tilkomstveg. Det kan sjå ut som at vegen er eigd av gnr. 102 bnr. 82. Vegrett over bnr. 139 er ikkje tilstrekkeleg dersom bnr. 82 eig vegen.
6. Vilkår punkt 2. i utslepps løyve av 26.11.2013 er ikkje stetta. Det må sendast inn uttale frå tømmeføretak at slam frå minireinseanlegget kan tømast.
7. Innsendte planteikningar viser ikkje sportsbod. Det må gjerast greie for korleis TEK § 12-10 bokstav b er teken vare på.
8. Gjennomføringsplanen er mangelfull. Stendal VVS AS er ført opp som ansvarleg for «utvendig stikkledningar og sanitær i bustad + renseanlegg». Det er sendt inn søknad om ansvarsrett frå Lindås VVS for dette ansvarsområdet.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



9. Støren Treindustri AS har tidlegare (03.04.2013) gjort greie for at føretaket ikkje er sentralt godkjent for fagområdet arkitektur, og at ansvarsrett frå dei berre gjeld sjølve bygningen over grunnmur. Føretaket har ikkje ansvar for anna prosjektering. Vi ber om tilbakemelding om kven som er ansvarleg for val av hustype og plassering av tiltaket på tomta, samt prosjektering av utomhusareal.
10. Det går ikkje fram av søknaden kven som er ansvarleg for prosjektering av støttemurar og grunnmur.
11. Etter det vi kan sjå er det nytta same søknad om ansvarsrett for føretaket Hella Betongprodukter AS som i tidlegare returnert søknad. Det er manglar ved søknaden jamfør vårt vedtak av 03.04.2013. Dette må rettast opp.

Dei fleste av desse manglane går fram av vårt vedtak av 13.04.2013.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt inn faktura til tiltakshavar på kr. 1050.

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Andre Fjellsbø

Vadbuvegen 197 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Byggmester Steinar Thunold AS